



EDO i aksjon i Vertshuset i kveld. Dei fem er Lars Johan Ekeland, Ove Eikemo, Finn Tore Helleesen, Jan Kristian Helleesen og Stig Louis Myklevold. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Alt tyder på at Vertshuset har skote inertiar ved å invitere til dansekveld med EDO denne laurdagen. Allereie klokka 23 hadde vertinne Maria 80 festglade i hus og framleis var det mange som ikkje hadde henta billettane sine. Truleg kjem det minst 100 på festen. Særleg uskedelingane har nærmast gått mann av huse.



Vertshuset skaut inertiar med EDO-dansen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ein annan konklusjon som heng nær saman med den første er at EDO i høgste grad held koken sjølv om bandet utruleg nok såg dagens lys allereie i 1975!

Den gode publikumskontakten som gjennom alle år har prega musikarane eksisterer framleis. No er det berre 'sjefen sjølv' Lars Johan Ekeland som er att av dei opprinnelege medlemmene, men dei nye har i høgste grad overteke arven.

Også denne kvelden spelar EDO mange gamle klassikarar frå den lange perioden bandet har vore aktivt. men dei let oss sjølvstøtt også få høyra sine egne, sterkt lokalprega og muntre låtar.

Av Ola Matti Mathisen

